



Kinn kommune

Nepjarhaugen barnehage

2026

ÅRSPLAN



Nepjarhaugen barnehage

Telefon: 577 41974

Adresse: Markegata 59, 6900 Florø

Styrar: Gro Hovland

Telefon: 994 03 418

Gro.hovland@kinn.kommune.no

Innhald

1.INNLEIING	3
2.OM BARNEHAGEN	4
2.1. Organisasjonen	4
2.2. Barnehagen sitt særpreg og satsingsområde i 2026	4
3.BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM	5
3.1. Barnehagen sin visjon	6
3.2. Omsorg	6
3.3. Leik	7
3.4. Vennskap og livsmeistring	7
3.5 Danning og læring.....	8
3.6 Kommunikasjon og språk.....	9
4.BARN SIN MEDVERKNAD	11
5.BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD	12
5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering	12
5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy, årshjul	12
6.SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE	15
7.TILVENNING OG OVERGANGAR	15
7.1. Når barnet begynner i barnehagen	15
7.2. Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar	16
7.3. Overgang frå barnehage til skule og SFO	16
8.LENKER	17

1. INNLEIING

Barnehagane i Kinn kommune vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter.

Rammeplan for barnehagen er ei forskrift som gjev føringar for innhald og oppgåver i barnehagen, og er eit viktig verktøy i arbeidet vårt.

Barnehagen sitt samfunnsmandat, Lov om barnehagar § 1, er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til barnas beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barna sine heimar.

Kinnbarnehagen

Lokale vedtak gjort av Kinn kommunestyre vil til ei kvar tid vere styrande for drifta og innhaldet i dei kommunale barnehagane. Dette er synleggjort i Kinn kommune sine årlege budsjett og handlingsprogram. Desse dokumenta er tilgjengelege på www.kinn.kommune.no

Fagleg satsing i 2026

I Kinn er alle barn inkludert i fellesskapande leik, aktivitet og undervisning. Oppdraget er å ha ansvaret for, og jobbe for eit raust og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge, der mangfaldet og menneskeverdet vert ivareteke og ulikskapar akseptert og verdsett. Fokus vert retta mot arbeid med gode psykososiale fellesskap på alle arenaer forankra i fellesskapande leik og aktivitetar. Vaksne, barn og unge vil saman fremje helse, trivsel og læring og forebygge mobbing, utanforskap og krenkingar (Kari Pape).

Kinn kommune kommune har sett i gong ei toårig satsing på lesing og språk i barnehagar og skular. Satsinga er i samarbeid med Nynorsksenteret for barnehagane og Lesesenteret for skulane.

Årsplanen

Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap. Den dokumenterer val og grunngjevingar i det pedagogiske arbeidet og synleggjer progresjon i barnehagen sitt innhald.

I tillegg utarbeider vi meir detaljerte planar for halvåret, månaden, veka og dei ulike avdelingane/gruppene. Månadsplanane vert gjort kjent for foreldra. Dei synleggjer m.a. korleis barnehagen konkret arbeider med tiltaka som er fastsett i årsplanen gjennom val av tema og aktivitetar.

Gjennom planane får foreldre innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kan sjå samanheng mellom dei konkrete aktivitetane i barnehagen og overordna mål.

Fagleg ansvarleg for årsplanen

Gro Hovland

2. OM BARNEHAGEN

2.1. Organisasjonen

Nepjarhaugen barnehage opna for drift 21.08.2023. Då blei 3 eldre barnehagar; Dalvegen, gamle Nepjarhaugen og Nyheimvegen, slått saman til ein ny og framtidretta barnehage. Her er 4 avdelingar med 80 plassar for barn over 3 år, 20 plassar per avdeling. Dette gir stor fleksibilitet i samansettinga av avdelingane. Alderssamansettinga avgjer kor mange barn som til kvar tid har plass. Inneverande barnehageår 2025 – 2026, er det 63 barn som deler på 90 plassar, 36 plassar (36 barn) over 3 år og 54 plassar (27 barn) under 3 år.

Personalgruppa består av 13,4 fast tilsette i grunnbemanninga; styrar, assisterande styrar (40%) samt eit avdelingspersonale på 300% på kvar avdeling. I tillegg kjem evt lærlingar, ekstrahjelpar og tospråkelege assistentar. Dette barnehageåret har vi 3 ekstra tilsette inne for å kunne drive i henhold til bemanningsnorma, samt 1 lærling. Frå tid til anna vil her vere praksiselevar frå vidaregåande skule, barnehagelærarstudentar og personar i arbeids- og/eller språktrening i regi av Miljøhuset, Innvandrarsenteret, NAV eller Origod. I år er her ein ung mann frå Miljøhuset som bistår oss på kjøkkenet to dagar i veka

Personalet har rett og tilstrekkeleg kompetanse. Styrar har mastergrad i “Organisasjon og leiing”. Ho har og vidareutdanning innan “Arbeids- og organisasjonspsykologi” og “Pedagogisk utviklingsarbeid”. Assisterande styrar har mastergrad i “Organisasjon og leiing”. Ho har i tillegg vidareutdanning innan rettleiing og språk. Alle dei pedagogiske leiarane har bachelorgrad i førskulepedagogikk eller barnehagepedagogikk. Mange av dei har vidareutdanning innan rettleiing og spesialpedagogikk. Alle dei 4 fagarbeidarane i grunnbemanninga har fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. 2 av assistentane i ekstrastillingane held på med fagbrev og ein av fagarbeidarane held på med arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning.

2.2. Barnehagen sitt særpreg og satsingsområde i 2026

Det er utarbeidd eit eige dokument for kvalitetsarbeidet i Nepjarhaugen barnehage. I dette dokumentet tar vi utgangspunkt i nyare forsking, barnehagen sitt samfunnsmandat, rammeplanen, oppvekstplanen i Kinn, tidlegare satsingar i sektoren, samfunnsutviklinga generelt, trendar i tida og pedagogiske føringar for Nepjarhaugen barnehage.

Utviklinga i Kinnsamfunnet, som i samfunnet elles, viser at stadig fleire barn strevar med overvekt og inaktivitet, dårleg sjølvfølelse og aukande utanforskap. Nasjonale prøver viser at elevane i Kinnskulen skårar relativt dårleg når det gjeld leseferdigheiter. I tillegg har Kinn kommune mange innvandrarar som må sikrast ei god integrering. Då er språk gjerne eit nøkkelord.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. For at ein barnehage skal kunne fungere som kompensasjon for barn i risiko må barnehagekvaliteten vere god. Det må leggjast vekt på å sikre barna ei god fysisk og psykisk helse. Vi må sjå og jobbe med *heile barnet*.

LIVSMEISTRING OG HELSE – BARNA SI FYSISKE OG PSYKISKE HELSE SKAL FREMJAST I BARNEHAGEN

I Nepjarhaugen barnehage bygger vi derfor pedagogikken vår rundt desse 4 grunnpilarane/satsingsområda:

KOSTHALD OG MÅLTID	FYSISK AKTIVITET	SPRÅK OG KOMMUNIKASJON	MANGFALD OG INKLUDERING
“Måltid og matlaging skal gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar”.	“Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere til rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna”.	“Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling”	“Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing”.

Målsettingane over er henta frå “Rammeplan for barnehagen”. Det er utarbeidd ein overordna didaktisk plan (kva – kvifor – korleis) innafør kvart av desse satsingsområda. Dei overordna planane inneheld kunnskapsmål, ferdigheitsmål og haldningsmål og dannar utgangspunktet for detaljplanlegginga på kvar avdeling. Detaljplanlegginga skal sikre samanheng og progresjon. Det er utarbeidd ein eigen foreldreversjon for dei 3 første satsingsområda. I løpet av 2026 vil det og føreliggje ein overordna didaktisk plan og ein eigen foreldreversjon for det siste satsingsområdet; mangfald og inkludering. Sjølv om vi har utarbeidd ulike mål innanfor kvart av dei fire områda, er det ikkje meininga å kartlegge barna i forhold til måloppnåing. Det er meir ei rettesnor for kva vi skal jobbe med og fram mot, og ha som eit felles fokus.



3. BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM

3.1. Barnehagen sin visjon

NEPJARHAUGEN BARNEHAGE – DER DU OG EG BLIR

VI



Kinn kommune vil jobbe for eit raust og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge, der mangfaldet og menneskeverdet vert vareteke og ulikskapar akseptert og verdsett.

Vårt hovudmål: Vi ønsker å sjå og utvikle **heile** barnet. Gjennom å sikre barna ei god fysisk og psykisk helse og eit godt språk, dannar vi det beste utgangspunktet for å inngå i fellesskapande leik og aktivitetar i lag med andre. Vi viser at alle betyr noko og er viktige for felleskapet, både barn og vaksne.

3.2. Omsorg

Barna sine primære behov i barnehagen er omsorg, trygghet, respekt og tilhørsle og saman har personalet ansvar for å medverke til at barna får dekt desse grunnleggande behova. Vi legg vekt på å skape gode relasjonar mellom barna, mellom barna og dei tilsette og mellom dei tilsette. Å gjere det mogleg for barna å ta imot og gje omsorg er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse og er eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv. Barnehagen skal, i samarbeid med heimane, skape eit trygt, inkluderande og stimulerande barnehagemiljø som førebygger mobbing. For å nå dette målet må dei tilsette reflektere over og vurdere eigen praksis. Vi må justere mål og arbeidsmåtar kontinuerleg. Vi legg vekt på å bygge relasjonar til kvart enkelt barn og set psykososialt arbeid på dagsorden. Vi er tilgjengelege og til stades for barna; anerkjenner, støttar, rettleiar og set grenser. Vi er medvitne at vi er etiske rollemodellar for barna. Barnehagen har eigne verktøy for å kunne sjå og ivareta enkeltbarnet sine ulike omsorgsbehov. Vi har og utarbeidd eigne skriv om korleis vi ivaretar måltidet, stell og soving på best mogleg måte. Det blir og retta fokus mot regulering og reguleringsstøtte gjennom gruppeleing. T.d vente på tur, dele, lytte til andre m.m.

3.3. Leik

Barna si allsidige utvikling skjer i samspel med andre. Leik er barna sin hovudaktivitet og store delar av barnehagedagen består av leik. Barn som leikar, viser evne til å slappe av, la seg rive med og ha det morosamt aleine eller saman med andre. Leik har såleis ein sentral plass i barnehagen, som ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Dei tilsette rettleiar barna i forhold til korleis ta initiativ til leik, korleis tilføre nye element til leiken, korleis forhandle om roller og sikre framdrift i leiken, korleis reflektere over eigne handlingar og veremåte, korleis inkludere andre i leik o.s.v. Dei tilsette observerer leiken, reflekterer over det dei observerer og erfarer og rettleiar ved behov. Somme gongar er dei vaksne deltakande i leiken. Vi jobbar kontinuerleg for å organisere rom, tid og leikemateriell, slik at det inspirerer til ulike typar leik og leiketema og vi tilfører leiken nye impulsar. Vi legg til rette for leik både inne og ute. Leik ute fører til utvikling, læring og samhandling gjennom dagleg fysisk aktivitet. Uteleiken er viktig for å fremje barna si bevegelsesglede og motoriske ferdigheiter. Ved gradvis å bli vant til uteleik og meistre nye motoriske utfordringar, utviklar barna ei kjensle av trygghet og meistring.



3.4. Vennskap og livsmeistring

Leik og vennskap heng tett saman. Vi er opptekne av at barna skal utvikle vennskap med andre. Barnehagen skal legge til rette for eit inkluderande miljø der alle barn får oppleve å vere betydningsfulle og ha venner, uavhengig av bakgrunn og utfordringar. Barna lærer om kva det vil seie å vere ein god venn. Vi fokuserer ikkje på det å vere bestevennar, det kan vere sårbart for mange, vi jobbar heller med at *alle* kan vere leikevennar. Barna får erfare at vennskap gir glede, varme, samhald og trygghet. Dei lærer å balansere mellom eigne behov og andre sine behov.

For mange barn er leik med vennar det alle beste med barnehagen og leik bidrar til auka livskvalitet. Å oppleve å vere ein del av eit fellesskap og ha gode venner gir ein følelse av trygghet og tilhøyrighet, noko som styrker sjølvkjensla. Eit godt sosialt fellesskap og sterke vennsapsband bidrar til å førebygge mobbing og anna negativ utvikling.

Ei sentral oppgåve for dei tilsette er å hjelpe barna med å bygge relasjonar til kvarandre. Dei må legge til rette for nye vennskap ved mellom anna å invitere til felles aktivitetar og opplevingar i mindre grupper. Dei må vere observante, slik at dei støttar opp om og legg til rette for gryande vennskap. Det må jobbast med å utvikle barna sin sosiale og språklege kompetanse, for å sikre at dei er i leik og samspel med andre, og kan utvikle gode og varige relasjonar/vennskap med andre.



3.5. Danning og læring

Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar saman, gjennom dialog, der alle vert anerkjent som sjølvstendige menneske med følelsar og tankar. Barna skal settast i stand til å tenke sjølv, søke kunnskap, reflektere over og vurdere vedtekne sannheiter, stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne. For å få til gode danningssprossar i barnehagen er det viktig at vaksne viser respekt for den kommunikasjonen som barna har og interesse for det dei seier.

Noko av det viktigaste i barn sin danningsspross er å gje barna ein god sjølvfølelse og at dei gjennom den kan forstå seg sjølv og andre. Ein god sjølvfølelse handlar om å kjenne seg sjølv, kjenne at ein er viktig, kjenne at ein er eit godt menneske, kjenne at ein er viktig for fellesskapet og kjenne seg kompetent. Det handlar med andre ord om barnet si subjektive oppleving av å høyre til og vere betydningfull for andre. Dei tilsette si rolle er derfor å bli ein god samtalepartner, samhandlingspartner og rettleiar, og ikkje minst må ein som vaksen vite når ein må vere tett på. For å utvikle evne til refleksjon må barna bli utfordra med informasjon og erfaringar som ikkje passar med det dei kan frå før. Dei må utfordrast for å komme vidare.

Læring i barnehagen føregår gjennom leik og kvardagsaktivitetar. Barnehagen skal støtte opp om barna si læring ved å skape eit stimulerande miljø som gir dei lyst til å leike, utforske, lære og meistre. I leiken kan barna leike ut erfaringar og lære om seg sjølv og andre. Gjennom leiken lærer barn å meistre og vidareutvikle evner dei vil trenge som vaksne. Læring må vere indre motivert og ingen aktivitet er meir indre motivert enn leiken. Barnehagen skal ikkje ha konkrete og målbare læringsmål som i skulen. Læring i barnehagen må handle om dei erfaringane barn gjer i leik. Dei tilsette må vere til stades, gje tid og anerkjenne barnet sine initiativ og behov for læring. Dei må introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskap som bidrar til meningsfull samhandling.



3.6. Kommunikasjon og språk

Kinn kommune deltar i den nasjonale "leselystsatsinga". Utgangspunktet for satsinga er "Leselyststrategien 2024 – 2030: Saman om lesing" der målet er å auke barn og unge si leselyst og gjennom det, auke leseferdigheitane deira.

I Nepjarhaugen barnehage har vi laga vår eigen leselyststrategi der vi legg vekt på 3 viktige område:

1. skape leselyst og leseglede, 2. jobbe bevisst med ord og begrepsinnlæring og 3. nytte song og musikk som språkstimulerande og inkluderande aktivitet.

Vi jobbar kontinuerleg med å utvikle eit språkstimulerande miljø på alle avdelingane. I tillegg til den språkstimuleringa som skjer på avdeling, kan dei eldste barna nytte Språkhagen" som er eit rom der det er tilrettelagt for ekstra språkstimulerande aktivitetar.

Leselyst og leseglede

Vi har som mål å lese MED alle barna minimum 10 minutt dagleg. Høgtlesinga vert organisert både på individ og gruppenivå. Nokre gongar vel barna sjølve bøker, andre gongar vel dei vaksne bøker ut i frå ein pedagogisk plan. Vi bruker metoder som "dialogisk lesing" for dei eldste og "leik ei bok" for dei yngste. Begge metodane vektlegg konkretisering og visuell støtte for å lære nye ord og begrep. I tillegg får dei ei generell trening i å bruke språket sitt aktivt gjennom samtaler. Vi gir, i samarbeid med biblioteket, mulegheit for å låne med bøker heim. Ordninga er organisert som eit "Tøyveskebibliotek" der barn og foreldre kan låne med ulike vesker med bøker. Nokre av bøkene er på barna sitt eige språk.

Tøyveskebiblioteket "Les med meg!" kan vere eit godt tiltak for å hjelpe familiar med å gje høgtlesing merksemd i kvardagen og for å innarbeide gode rutinar med lesing saman med barna.

Vi gjennomfører lesestunder på biblioteket for dei eldste barna to gongar i året. Det er viktig å erfare kva biblioteket er og korleis det kan nyttast av innbyggjarane i kommunen på ulike måtar.



Ord og begrep

Barn lærer seg ord i eit hurtig tempo. Parallelt med at dei lærer seg nye ord, må vi jobbe med å kople ord og begrep, slik at språkforståinga held tritt med tilfang av nye ord. Dette gjer vi hovudsakleg ved å jobbe med å konkretisere ved hjelp av bilete og konkretar og ikkje minst, gjennom handlingar, å gjere.



Song og musikk

Vi har mange fleirspråklege barn i barnehagen. Dei har ofte ikkje så gode norskkunnskapar når dei begynner i barnehagen. Vi har og mange små barn, utan verbalspråk og barn med språkvanskar. Song og musikk er eit universelt språk, som gjer at vi kan kome saman og dele felles opplevingar uavhengig av alder, evt språkvanskar eller språkgrupper. Song og musikk er svært inkluderande og det skapar god stemning, fryd og glede blant barna. Dei tilsette har laga ei eiga songbok og bruker songane bevisst i ulike samanhengar, både formelle og uformelle.



Språkhagen - der språket skal få næring til å utvikle seg

I Nepjarhaugen barnehage har vi eit eige rom til språkstimulerande aktivitetar. Rommet vert nytta av barna på Stjernestøv og Måneskinn etter eigen plan.

Vi har ein pedagogisk tanke om møblering og soneinndeling i språkhagen. Vi har eit eige rom som skal nyttast til høgtlesing. Rommet kan og nyttast til samling for dei barna som er i språkhagen. Rommet er innreda med lesestol og bokhyller/bibliotek. Her er og ei tavle på vegg som kan nyttast under samling. Det skal vere roleg i lesestolen.

I motsett ende av rommet (mot aust) er det lagt til rette for ei sone for fellesskapande konstruksjonsleik. Her er det mogleg å bygge og leike på golvet. Målet er at barna skal samarbeide og bruke språket sitt i leiken. Konstruksjonsleikane vert oppbevart i kassar på golvet. Innhaldet i kassane vil bli skifta ut med jamne mellomrom.

Vi har to vegghengte bord i språkhagen. Her kan barna halde på med språkstimulerande bordaktivitetar, som å spele , pusle, teikne. I tillegg er her eit lite bord tiltenkt skriving og teikning. Dei kan ete lunsj i språkhagen.

Den interaktive tavla kan brukast til språkstimulerande aktivitetar, fortrinnsvis i samarbeid mellom fleire av barna. Det er laga ein plan for korleis tavla skal brukast. Planen har klare koplingar til satsingsområdet språk og kommunikasjon. Tavla skal alltid brukast under tilsyn av og i samarbeid med ein vaksen. Det må til ei kvar tid utøvast digital dømmekraft. Barna skal utvikle gode vanar i forhold til bruk av skjerm og digitale verktøy. Sjå elles retningslinjer for skjermbruk i barnehagen. Vi les hovudsakleg analogt for barna. Digitale bøker kan brukast som eit supplement dersom dette er godt fagleg begrunna.



4. BARNES MEDVERKNAD

Barnehagelova, Grunnlova og FN sin barnekonvensjon seier alle noko om barn si rett til å påverke kvardagen sin i barnehagen.

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen» Rammeplanen.

Barnehagen skal bidra til at barna får delta i eit demokratisk fellesskap. Dette skjer mellom anna ved at vi hjelper barna til å forstå felles verdiar og normer. Sjå punktet om danning.

I praksis betyr medverknad at dei tilsette tilbyr varierte måtar for barna å uttrykke seg på; verbalt og non-verbalt. Gjennom observasjonar og tolking skal dei tilsette observere, lytte til og tolke barna sine uttrykk og behov, dette er særleg viktig hos dei aller yngste barna eller dei som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale.

Barna skal aktivt involverast i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd, slik at dei får erfare å ha innflytelse på det som skjer i kvardagen deira. Barnehagen sine planar og rutiner bør vere fleksible for å kunne inkludere barna sine innspel og tilpassast behova deira. Alle beslutningar som angår barnet må ta omsyn til kva som er BARNETS BESTE.

Vi skal vise barna respekt. Ved å høyre på dei viser vi dei at dei er verdifulle og betyr noko for fellesskapet. Dei får reell innflytelse og ein mulegheit til å ytre seg og bidra i miljøet dei er ein del av. I tillegg lærer dei sosiale ferdigheiter, mellom anna gjennom å stå fram og hevde eigne meiningar, samtidig som dei lærer å tilpasse seg fellesskapet.

5. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering

Systematisk planleggings- og vurderingsarbeid føregår kontinuerleg gjennom barnehageåret. Planlegginga skal synleggjere korleis barnehagen fortolkar og realiserer rammeplanen. Dette skal danne utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. Når vi planlegg skal dette baserast på det vi veit om barnet sin trivsel og allsidige utvikling, både individuelt og i gruppe. Vidare skal vi og ta utgangspunkt i observasjonar, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og ulike samtaler vi har med barn og foreldre, når vi planlegg.

Det er utarbeidd overordna didaktiske planar for dei ulike satsingsområda våre. Det er utvalde pedagogar som har laga dei overordna planane i samarbeid med styrar. Målet er at planane skal vere teoretisk forankra og ta opp i seg nyare forskning. Pedagogane skal ta utgangspunkt i dei overordna planane når det skal lagast detaljerte planar for avdelinga. Felles overordna didaktiske planar sikrar at det vert jobba med progresjon innan dei same områda gjennom året. Pedagogane skal sikre at område frå dei andre fagområda og kjerneområda i rammeplanen vert integrert i dei valde områda. Avdelingane står fritt når dei vel metode.

Vi gjennomfører kollegabasert observasjon to gongar i året. Då kjem pedagogar frå naboavdelinga inn og observerer korleis dei pedagogiske satsingane vert jobba med og om dei er i samsvar med målsettingane. I etterkant av observasjonane vert det gitt tilbakemelding med fokus på måloppnåing og det som fungerer godt. Det blir og blinka ut nokre læringspunkt der kvar avdeling må lage målsettingar og tiltak for forbetring. Desse læringspunktka må så reflekterast over, øvast på, evaluerast og jobbast med til ny praksis er etablert.

5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy


5 åringane:

Dei eldste barna har eigne opplegg, i tillegg til dei ulike satsingsområda våre, siste året før skulestart. Vi jobbar med satsingar som “Du og jeg og vi to”, som er eit sosial kompetanse program som skal hjelpe barna til å utvikle empati, sjølvkontroll, sjølvhevding og prososiale ferdigheiter. Dette styrkar det sosiale samspelet og er viktig for leik, språk og inkludering.

Vidare nyttar vi “Skrivedans” som er ein metode for å gjere barna fortrulege med skriverørslar og bokstavformer. Barna får utvikla grov- og finmotorikken sin. Skrivedans er eit samspel mellom leik, musikk og rørsle.

“Eit blått eventyr” er eit opplegg som skjer i regi av Newton Flora. Det tar utgangspunkt i fagområda “Natur, miljø og teknologi” og “Tal, rom og form” i rammeplanen. 5-åringane får delta i ulike aktivitetar, mellom anna dissekering av fisk. Dei arbeider med sortering, samanlikning, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Dei får øving i å undre seg, stille spørsmål ressonere, argumentere og søke løysingar.

Som ein del av overgang barnehage –skule gjennomfører vi eit fellesprosjekt på våren før skulestart; “Ta ei potet”. Målet er å skape ei felles referanseramme for alle 5-åringane i kommunen siste året i barnehagen og dei same barna som elevar på skulen i 1. klasse. Barna lærer felles dikt, songar og blir presentert for forteljingar og faktaopplysningar om potetdyrking. Livet på Brendøya i gamle tider, husdyrhald og kosthald er tilleggstema. Barna set poteter våren før skulestart og haustar dei etter at dei har begynt på skulen.







Dei andre aldersgruppene jobbar vi med ut i frå kjerneaktivitetane i barnehagen; omsorg, danning, leik og læring, og barnehagen sine 4 satsingsområde; kosthald og måltid, språk og kommunikasjon, fysisk aktivitet og mangfald og inkludering.. Vi sikrar dei andre fagområda i rammeplanen ved å integrere dei i dette arbeidet.

Aktivitetane våre følgjer eit overordna årshjul for barnehageåret. Avdelingane planlegg, gjennomfører, dokumenterer og evaluerer ut i frå si avdeling og si aldersgruppe. Aktivitetane er dei same for alle aldersstega, men det vil vere progresjon i innhald og arbeidsmåtar tilpassa alder og modning.

Vi legg vekt på å vere ein lærande organisasjon der arbeidsmåtar og metode er gjort kjent for alle og der alle vert involvert i utforming av mål.

ÅRSHJUL

Haust	Innhald og aktivitetar
August	Tilvenning nye barn og nye avdelingar.
September	Bli kjent! Avdelingane har fokus på å bli kjent med kvarandre og innarbeide rutinar og arbeidsmåtar. Vi jobbar særleg med gruppeleing og fellesskap. Brannvernveke - brannførebuing, brannøving og leik og aktivitetar knytt til bamsen Bjørnis.
Oktober	Haustaktivitetsveke med utgangspunkt i satsingsområda våre. Vi legg opp til aktivitetar inne og ute for alle aldrar tilpassa årstid.

	FN-dagen: mangfald og inkludering.
November	Litteraturmånad
Vinter	
Desember	<p>Advent og jul: avdelingane gjennomfører aktivitetar tilpassa alder. Luciamarkering i regi av 5-årsgruppa, nissefest, lysfest.</p> 
Januar	Vinteraktivetsveke med utgangspunkt i satsingsområda våre. Vi legg opp til aktivitetar inne og ute for alle aldrar tilpassa årstid.
Februar	<p>Litteraturmånad Samenes nasjonaldag 6. februar: mangfald og inkludering.</p> 
Vår	
Mars	<p>Barnehagedagen 10. mars 2026: Mangfald og inkludering</p> 
April	<p>Markering av påske og ID</p> 
Mai	<p>Aktivitetsveke med utgangspunkt i satsingsområda våre. Vi legg opp til aktivitetar inne og ute for alle aldrar tilpassa årstid.</p> <p>16. mai: Florø by sin bursdag 😊 Sykkelløp, potetløp m.m. Is- og pølsefest og tog på leikeklassen med barnehagefana og flagg.</p> <p>17. mai: grunnlovsdagen, Norge sin bursdag. Ulike aktivitetar i førekant av dagen.</p>

	 
Sommar	
Juni	Førskuledagar, besøksdag i barnehagen for nye barn og foreldre Sommarfest
Juli	Ferieavvikling
August	Avslutning av barnehageåret og førebuing av det nye

Aktivitetane våre følgjer eit overordna årshjul for barnehageåret. Avdelingane planlegg, gjennomfører, dokumenterer og evaluerer ut i frå si avdeling og aldersgruppe. Aktivitetane er dei same for alle aldersstega, men det vil vere progresjon i innhald og arbeidsmåtar tilpassa alder og modning.

6. Samarbeid mellom heim og barnehage

Vi har utarbeidd eit eige hefte med rutiner for samarbeid heim – barnehage. Her finn du rutiner for informasjonsflyt, dagleg dialog og kommunikasjon, utviklingssamtaler, foreldremøte, FAU og SU og klagehandsaming.

Vidare har vi to tilstellingar i løpet av barnehageåret der vi inviterer til ei felles samling for alle; barn, foreldre og tilsette. Desse tilstellingane skal vere religionsnøytrale og inkludere alle uavhengig av religion, språk og kultur. Tidleg i desember arrangerer vi lysfest, der vi har fokus på lys og varme. Lysdronninga kjem på besøk, barna syng innøvde songar og vi kosar oss med kaffi, saft og noko godt å bite i. På forsommaren vert det arrangert sommarfest. Dette er ein kombinasjon av korgfest, der alle har med seg noko dei kan dele med andre, og ei avslutningsmarkering for dei som skal begynne på skulen. Barna underheld med song og dramatisering.

7. TILVENNING OG OVERGANGAR

7.1. Når barnet begynner i barnehagen

Å starte i barnehagen er **ein av dei store overgangane** i barn sitt liv. Dei skal vekk frå den trygge heimebasen og “ut i den store verda”. Dei skal bli kjent med nye barn og nye vaksne, og dei skal venne seg til nye omgjevnader og nye rutiner. Det er og ein stor overgang for foreldra som skal overlate ansvaret for det kjæraste dei har til andre. Vi tar derfor denne overgangen på stort alvor og ønsker å trygge barn og foreldre best mogleg. Det meiner vi at vi gjer best ved å informere og involvere i størst mogleg grad.

I løpet av våren/forsommaren før barnehagestart inviterer vi til **besøksdag** i barnehagen. Då kan barn og foreldre møte tilsette og andre barn og foreldre. Dei får og høve til å sjå seg rundt i barnehagen og på uteområdet. Ved

behov/ønske kan barn og foreldre komme på besøk utover besøksdagen. Vi oppmodar og foreldra til å bruke leikeplassen på ettermiddag og i helgar.

Vi tilbyr **oppstartssamtale** for foreldra til nye barn før barnehagestart, der dei kan gje informasjon om barnet sitt, og dei tilsette kan fortelje om barnehagen og ein vanleg barnehagedag. Barn er ulike og det er viktig at dei tilsette vert kjent med ulike rutiner barnet har, slik at vi kan imøtekomme dei best mogleg. Etter kvart som barna er trygge og tilvente, er det naturleg å jobbe for at alle skal komme inn i ei felles rutine.

Ved oppstart av nytt barnehageår i august, vil vi jobbe ut i frå **sirkeltenking**. Det vil seie at vi startar med å gjere barna kjent på avdeling og deretter på fellesrommet, og vi startar med at dei vert kjent på uteleikeplassen før vi tar turar utanfor barnehagen sitt område. Vi legg stor vekt på å følgje det enkelte barnet sitt tempo. Somme tilpassar seg fort, medan andre treng lengre tid. Derfor observerer vi barna fortløpande og tilpassar og differensierer aktivitetane.

Ved oppstart får barn og foreldre ein fast **kontaktperson**. Kontaktpersonen får det primære ansvaret for at barnet finn seg til rette i barnehagen og vil vere bindeleddet til foreldra. Det er viktig at bandet mellom kontaktpersonen og barn og foreldre ikkje vert for tett, det vil vere sårbart på sikt. Derfor jobbar vi med å utvide relasjonane til andre tilsette etter kvart som barna er klare for det.

Vi sørger for at foreldra får gode **rutinebeskrivingar** for soving, måltid, bleieskift m.m. Vi lagar krysselister der foreldra kan følgje med på desse tinga. Når barnet har funne ei rutine i barnehagen, sluttar vi med denne informasjonen.

For dei eldre barna kan det og vere **ein stor overgang å bytte avdeling**. Vi har derfor ei eiga tilvenning for dei der dei får besøke den nye avdelinga i lag med dei andre barna som skal gå der. Dei vert og kjent med dei tilsette. Vi sikrar at det skal vere minst ein kjent tilsett på den nye avdelinga. Dette for å skape trygghet og sikre kontinuitet for barn og foreldre.

7.2. Samarbeid mellom barnehagar

Styrrar deltek i leiarnettverket i kommunen, og på driftsmøta i barnehagesektoren. To pedagogar er med i språknettverket. Barnehagane samarbeider mellom anna om utarbeiding av rutinebeskrivingar, ulike kurs og leiarutvikling. Samarbeidet mellom barnehagane vert styrt av barnehagefagleg konsulent som sit i kommunalsjef for oppvekst sin stab.

7.3. Overgang frå barnehage til skule og SFO

Udir seier dette om overgang frå barnehage til skule:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen deira til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.

Dei eldste barna skal få moglegheit til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å

begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjent med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.

Kinn kommune har ei eiga prosedyre for samarbeid mellom barnehagar, heim og skule ved skulestart, og vi følgjer denne. Sjå lenke under.

LENKER 8

Rammeplan for barnehagen: [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](https://www.udir.no/rammeplan-for-barnehagen)

Temaplan oppvekst i Kinn kommune: [Temaplan oppvekst](#)

Overgang barnehage – skule, denne vert lagt inn når nettverket har ferdigstilt planen